

## Grunnlaget for estimatet på arbeidsplassveksten fram mot 2025

### Kva betyr talet på arbeidsplassar?

Talet på arbeidsplassar i Sogn og Fjordane er her definert som talet på personar sysselsette i ei verksemd (medrekna offentlege etatar) som er heimehøyrande i fylket. I offentleg statistikk blir dette kalla «talet på sysselsette etter arbeidsstad». Ein person vert rekna som sysselsett viss han/ho arbeidar i gjennomsnitt meir enn 1 time i veka eller er mellombels fråverande frå slikt arbeid pga ferie, sjukdom eller løna permisjon. Dette inneber at det er fleire sysselsette enn årsverk, fordi mange arbeidar mindre enn normalarbeidstida på 37,5 timar i veka.

### Netto arbeidsplassvekst fram mot 2025

Fylkeskommunen sine folketalsprognosar tilseier ein vekst i folkemengda i aldersgruppa 25 – 59 år på om lag 330 personar fram mot 2025. Tal frå 2012 viser at om lag 85 prosent av personane i denne aldersgruppa er i arbeid. Viss me legg til grunn konstant yrkesdeltaking, vil folketalsutviklinga gje ein auke i talet på sysselsette innbyggjarar i alderen 25 – 59 år på om lag 280 personar i 2025 samanlikna med situasjonen i 2012 (330 personar \* 85% yrkesdeltaking).

Når me skal rekna ut arbeidsplassveksten, må me ta omsyn til at nokre av desse 280 vil pendla ut av fylket, medan nokre av dei som har arbeidsplassen sin i Sogn og Fjordane vil bu utanfor fylket. I 2012 utgjorde talet på arbeidsplassar i fylket om lag 95 prosent av talet på sysselsette som bur her. Dersom me legg til grunn at dette og vil vera tilfellet i åra framover, vil det bli om lag 265 fleire arbeidsplassar i Sogn og Fjordane i 2025 enn det var i 2012 (om lag 280 sysselsette som er busette i Sogn og Fjordane \* 95% av desse som og arbeidar i fylket). Ein arbeidsplassvekst på 265 personar over 13 år gjev ein årleg arbeidsplassvekst på om lag 20 personar. Dette er, i praksis, eit uendra tal arbeidsplassar.

Me har berre sett på sysselsetjingsutviklinga for aldersgruppa 25 – 59 år. Det er venta vekst i talet på personar over 60 år, og det er mange yrkesaktive personar i 60-åra. Dette tilseier at det truleg blir ein noko større netto arbeidsplassvekst enn det som er lagt til grunn i desse utrekningane.

### Brutto arbeidsplassvekst fram mot 2025

Vi har ovanfor framskrive netto, årleg arbeidsplassvekst i perioden 2012 – 2025. Den gjev uttrykk for kor mange fleire arbeidsplassar det er i fylket ved utgangen av eit bestemt år samanlikna med situasjonen eitt år tidlegare. Netto arbeidsplassvekst i eit bestemt år er resultatet av talet på nyskipa arbeidsplassar minus talet på nedlagde arbeidsplassar det året. Tal frå Statistisk sentralbyrå (SSB) og egne utrekningar i Fylkeskommunen viser at det har vore ein vekst i talet på nyskipa arbeidsplassar (brutto arbeidsplassvekst) i på om lag 1270 i perioden 2009 – 2012<sup>1</sup>. I den same perioden var det ein netto arbeidsplassvekst på om lag 130 i gjennomsnitt per år. Dette inneber at talet på nyskipa arbeidsplassar (brutto arbeidsplassvekst) i forhold til nettoarbeidsplassvekst var om lag 10.

Viss vi legg til grunn at talet på nyskipa arbeidsplassar (brutto arbeidsplassvekst) i forhold til nettoarbeidsplassvekst vert den same i perioden 2012 – 2025 som det han var i perioden 2009 –

---

<sup>1</sup> Det reelle talet er truleg større, fordi vi har delt næringslivet i Sogn og Fjordane inn i 88 næringsgrupper, og sett på netto arbeidsplassendringar innafor kvar av desse. Dette gjer at vi ikkje får rekna med bruttoendringane innan kvar næringsgruppe.

2012, får vi: 20 personar (netto arbeidsplassvekst per år)\*10 (forholdstalet) = 200 nye arbeidsplassar kvart år.

Eit mål skal vere noko å strekke seg etter. Vi har estimatet omtala ovanfor som fagleg grunnlag for målformuleringa om nettovekst på 100 arbeidsplassar pr år og 500 nyskipa arbeidsplassar per år.

Fagleg ansvarleg for estimatet: Sogn og Fjordane fylkeskommune